



Kommunal og regionaldepartementet  
Bolig og bygningsavdelingen

Dykkar ref.

Vår ref.

13/1369-3/ 13/10877/L00/JLA

Dato:

Manger: 25.10.2013

## HØYRINGSUTTALE - FORENKLING PLAN- OG BYGNINGSLOVA

### 16.10.2013 FORMANNSKAPET

#### **Radøy formannskap har gjort følgjande samrøystes høyringsuttale:**

Radøy kommune er svært positiv til hovudtrekka i dei endringsforslaga som departementet har lagt fram. Plan- og bygningslova har over tid vorte omfattande og tidkrevjande både for næringa, tiltakshavar og kommunen, og det er befriande å sjå at departementet vil effektivisera byggjesaksprosessen gjennom forenkling. Me er også glade for at ein legg opp til mindre omfattande og meir føreseieleg kommunal sakshandsaming.

#### 3.1 Registreringsordning

Det er positivt at dei mindre tiltaka på bygd eigedom, som har liten verknad for omgjevnadane og samfunnet elles, får ei enkel ordning. Av omsyn til oppdatering av kart og offentlege register er det viktig, som departementet legg opp til, at desse tiltaka likevel skal registrerast i kommunen. Det er godt at departementet legg vekt på forenkling og automatisering av søknadsprosessen gjennom bruk av IKT (byggsøk).

Radøy kommune vil peika på at det i registreringssakene vert lagt eit stort ansvar på tiltakshavar når det gjeld tilhøve til plan. Mange tiltakshavarar er ofte ukjende med planar og planstatus, og landet burde styrkt informasjonen om dette. Radøy kommune ser at ressursbruken i kommunen ved denne endringa kanskje ikkje vil gå ned, men at den vert flytta frå sakshandsaming til rettleiing. Utfordringa ligg i å nå fram med rettleiing til dei som ikkje vender seg til kommunen før tiltak vert sett i verk. Radøy kommune deler samstundes departementet sitt syn om fokus på tilsyn vil måtte aukast.

#### 3.2 Dokumentasjon og prosess

Radøy kommune støttar departementet sine vurderingar på dette punktet, og er tilfreds med at ein legg opp til at mindre vesentlege manglar ved søknad ikkje er til hinder for godkjenning av søknaden.

#### 3.3 Naboforhold – varsling og merknad

Radøy kommune er positiv til at nabo si stilling i byggesaksprosessane vert noko svekka. Byggesaksprosessane er i dag prega av mange omkampar og av at mange privatrettslege konflikhtar vert utspelt i byggesak.

Det er likevel viktig at lova legg til rette for at dei nabomerknader som er reelle og faktisk er knytt til byggesak blir tatt i vare i byggesakprosessen, og ikkje vert velta over på rettssystemet. Terskelen for å bringa ei sak inn for rettssystemet er knytt til ressursar og økonomi, og lova må ikkje få ei utforming som fører til at berre dei ressurssterke får ivaretatt sine interesser. Radøy kommune ser mellom anna at ein konsekvens av endringsforslaget vil vera at nabo tvistar knytt til registreringstiltaka no må løysast i rettssystemet. I og med at det her er snakk om dei minste tiltaka er det kanskje ikkje ei ynskt løysing.

### 3.5 Tidsfristar

Radøy kommune støttar at det vert innført automatisk løyve som rettsverknad for oversitjing av sakshandsamingsfrist i byggesak med nabomerknad. Rettstryggleiken for nabo vert med dette direkte knytt til kommunen sin evne til å handsame byggesaken innan fristen.

### 3.8 Ferdigattest for eksisterande bygg

Radøy kommune er positiv til at det vart innført amnesti når det gjeld ferdigattest og lovleg bruk for bygg omsøkt før 01.01.1998. Det har vore vanskeleg for kommunane å vite kva dokumentasjon som skal leggjast til grunn for ferdigattest i desse sakene, og handsaminga har både for søkjer og fått ei proforma karakter.

### 4 Oppheving av krav om lokal godkjenning

Radøy kommune har forståing for at det er naudsynt med tilpassing for å ivareta Noreg sine forpliktingar etter internasjonalt avtaleverk.

Radøy kommune er også samd med departementet i at regelverket kring godkjenning av føretak for ansvarsrett har ført til ulik og lite føreseieleg sakshandsaming, og har vore vanskeleg å praktisera både for næringa og for kommunane. Spesielt etter opphevinga av godkjenningsforskrifta (GOF) har regelverket vorte uoversiktleg. Forenkling og presisering av lovverket, med klare krav til kvalifikasjonar og dokumentasjon hadde vore ynskjeleg.

Radøy kommune vil tilrå departementet om å fortsetja kommunikasjonen mot EFTA/ESA for å finna gode løysingar for Noreg, og eventuelt vurderer andre verkemiddel for sikra kvalitet i byggverk.

### Oppsummering

Radøy kommune er positiv til den forenklinga som departementet legg opp til. Innføring av registreringspliktige tiltak er eit stort og viktig steg i retning av å imøtekomma den allmenne rettskjensla. Radøy kommune ser det også eit viktig og riktig steg med innskrenking i nabo si rettsstilling når det gjeld merknad og klage.